

vika S karven

lokalavis for Vik i Øygarden



10- juli – 2011 Nr. 2 – 11. årgong

Utgjevar: Vik Grendalag

www.vikaskarven.net

Folkefest på jonsokaftan

Side 6 og 7



Erfaren ordfører

Ingen har vore ordfører i Øygarden lenger enn Olav Martin Vik. Han er klar for ein ny periode.

Side 4 og 5



Elskar blomstrar

Ver med entusiast Stig Tore Guntveit på blomstersafari.

Side 3



Lagar egne ruser

Magnus Vik skulle gjerne hatt nokon å læra bort kunnskapen om havet til.

Side 2

SPV.NO | TLF. 05555

Kva betyr den nye pensjonsreforma for deg?

I 2011 kjem det ei ny pensjonsreform som vil påverke pensjonen for oss alle. Reforma medfører at kvar og ein av oss må ha eit meir aktivt forhold til vår eigen pensjon.

Snakk med rådgivaren din i Sparebanken Vest for ein gjennomgang av kva konsekvensar den nye reforma får for deg.

 Sparebanken Vest



Held i hevd ein utdøyande tradisjon



FLINK MED HENDENE: *Magnus Vik lagar sine eigner ruser og brukar sjøen aktivt.*

Magnus Vik er mellom dei siste på Vik som brukar sjøen dagleg. Han fryktar den oppveksande generasjonen vil la fiskekulturen døy ut.

– Fiskekulturen forsvinn når me gamle sluttar å gå til sjøen. Då mister Vik ein gamal tradisjon. Det er trist, seier Magnus Vik.

Magnus sit i naustet sitt og lagar ruser. Han er som vanleg i godt humør, men tanken på at kunnskapen om havet og fiskekulturen er i ferd med å gå tapt, gjer at han vert vemodig.

– Eg synest fiskekulturen er viktig. Når eg og andre på min alder er vekke, er det ikkje nokon som kan laga ruser lenger. Det er dumt at det døy ut. Me har

prøvd å halda i hevd det som våre forfedre lærte oss, men det er ikkje nokon som tek etter.

Følgde etter Isak

Magnus (74) har alltid vore på havet. Arbeidskarrieren hadde han på båt. No er han hobbyfiskar og pensjonist.

I tillegg til å fiska lagar Magnus også ruser. Han er ein av få som kan laga denne relativt moderne, effektive reiskapen.

Ei ruse er ein fiskereiskap som fangar fisken i ein slags horisontal mér der den held seg levande.

– Eg lærte å laga ruser etter at eg vart vaksen. Nesten ingen brukte ruser før i tida.

– Den fyrste som tok ruser i

bruk på Vik var Isak. Han brukte ruser då eg var barn. Då han gav seg, var eg den som held fram. På Vik har det ikkje vore utbredt å bruka ruser før dei siste 20 åra.

Mindre torsk enn før

Magnus trivst med å fiska med ruser. Dei fiskar godt og treng ikkje dragast kvar dag.

– Når det er fisk i sjøen, fiskar rusene godt, men dei siste åra har det vore lite å få på grunn av at det minkar på torsken.

– Då eg byrja med ruser på 70-talet kunne eg draga kvar dag og få torsk kvar gong. No kan det henda at det går 14 dagar utan at eg får torsk.

Når Magnus sit seg ned, lagar

han ei ruse på ein dag. Han har også vore på ungdomsskulen og hatt kurs for elevar.

Det var populært. Men han skulle gjerne hatt med seg ein læresvein eller to som ville ta del i kunnskapen om havet.

– Me vart opplærte då me var små til å vita om gode fiskeplassar og kva tid på året du skulle gjera kva. Denne kunnskapen har gått frå slekt til slekt. Dei gamle kunne mykje om kvar du skulle fiska, kor djupt det var, kvar det var fluer.

– Då eg fekk ekkolodd i båten og kunne sjå botnen, tenkte eg at dette er jo akkurat slik dei gamle hadde sagt. Dei kjende havbotnen rundt her imponerande godt.

øygarden
elektriske as

Tlf. 5638 9424 Faks: 5638 8040
Øygardsvegen - 5336 Tjeldstø
Epost: post@oygarden-elektriske.no



ENTUSIAST: Stig Guntveit har funne ein grov nattfiol.



ØSTERSURT: Ved Syrtingen.



RUND SOLDOGG: Ved Støveymyro.



BRUDESPORE: Ved Vik Laks.

I blomsterland med Stig

Visste du at det veks både orkidéar og kjøtetande plantar på Toftøy?

Det er den typen kunnskap du kan få med deg om du tek ein tur rundt på Vik, Toft og Torsvik saman med blomsterentusiast Stig Tore Guntveit.

– Her ser du ein østersurt. Dette er ein blome i sterk tilbakegang i Sør-Noreg, kanskje på grunn av global oppvarming. Men her finst den, seier Stig.

Me er på Syrtingen rett ved mo- loen på Vik. To av fem lokalitetar av denne sjeldne blomen østersurt som er å finna i Hordaland, er i Øygarden. På Syrtingen slåss østersurten for å halda seg i live mellom steinar nede i fjøra. Den andre lokaliteten er på Grønholmen.

– Det er ein veldig spesiell plante med ein flott blåfarge. Den likar seg når sjøen vaskar tang og alger over den, seier Stig.

Me går vidare gjennom skogen nord med landet. Ved Støveymyro viser Stig fram ein kjøtetande

blome. Liten av vekst, men dødeleg for dei insekta som let seg frista av blomane. Totalt har me seks ulike kjøtetande plantar i Øygarden.

– Her ser du ein rund soldogg som er i ferd med å fortæra ein mygg. Den har eit klister som gjer at insekta vert fanga, fortel Stig.

Stor variasjon av blomar

Det er ein fin søndag. Perfekt for blomstertitting. Framme ved Vik Laks finn me eitt av høgdepunkta på denne blomstersafarien. Ein orkidé ved namn brudespore.

Denne orkidéen er svært kalkkrevjande, og har funne seg til rette her ved Vik laks, der det tilfeldigvis er dumpa kalkholdig jord.

– Denne blomen er sjeldan i Hordaland. I tillegg til her på Vik, finst den på Bømlø og truleg i fjellet. Den er litt av eit syn i full blomst, seier Stig.

Øygarden har eit relativt høgt tal på artar av orkidéar. 6 av 35 sortar som finst i Noreg er funne i vår kommune.

– Det er fantastisk at me har ein

så stor variasjon i karrige Øygarden. Totalt har me funne over 500 ulike karplantar i kommunen, seier Stig som har skrive boka “Øygarden - det blomande øyriket”.

Stig oppmodar folk om å ikkje plukka blomar dei ikkje kjenner seg sikre på at er ein vanleg blome.

– Sjeldne blomar høyrer heime i skaparverket. Folk kan bidra til å utrydda dei om dei plukkar dei.

Terapi for sjela

Me er på veg til Torsvik. Stig fortel om si blomsterinteresse. Den har han hatt i over 20 år, og interessen vart vekka under ein tur rundt Gamle Hjelve kyrkje der det finst mange ulike blomar.

– Kunnskap om plantar og vekster er utruleg berikande for einkvar tur i naturen. Eg synest det er fantastisk å ta seg ein tur for å sjå på plantar når eg er stressa eller lei meg.

Øygarden har spesielt mange ulike blomar og plantar. Stig seier det er på grunn av at me har så mange typar natur i kommunen.

– Me har ei lang kystlinje der sjansen er stor for at det rek i land frø. Me har litt skog, me har bratte berg, og Øygarden har nokre næringsrike vatn.

Framme på Torsvik stoppar me ovanfor skjelsandtørkeriet der det er kalkrik jord. Her er finn me også ein kjøtetande plante - tettegras - men me er her for å sjå på orkideen grov nattfiol.

Vanskelege livskår

Me finn mange individ, sjølv om livskåra for orkidéar er vanskelege på grunn av at det grov til over alt. Større og meir konkurransedyktige artar tek over. Men grov nattfiol finst det framleis mange av på Torsvik.

– Det var opptur å sjå så mange av grov nattfiol her. No vart eg glad. Bestanden på Torsvik er absolutt livskraftig.

Stig tykkjer orkidéar er noko ekstra som folk kan vera på utkikk etter når dei går tur i Øygarden. Den vanlegaste orkidéen, flekkmariland, kan alle sjå når dei er på tur i lyngheiområda frå jonsok og langt ut i juli.

– Det er eksklusivt med orkidéar. Folk flest tenkjer ikkje på at dei veks i Øygarden. Eg synest det er stas kvar gong eg finn ein.

KIWI mini pris



4

– Eit privilegium

Olav Martin Vik (55) har vore ordførar samanhengande sidan 2001. Dermed er han den lengstsitjande ordføraren i kommunen nokosinne.

– Å vera ordførar i Øygarden er eit stort privilegium, og eg er audmjuk overfor tilliten som både veljarar og kommunestyre har gjeve meg, seier Olav Martin.

Han ønskjer seg ein ny periode, og stiller i det komande kommunevalet i haust.

– Det har vore særst interessante år, reflekterer Olav Martin.

– Eg har fått oppleva mykje, og har fått teke del i utviklinga i kommunen. Heile tida har det veksla mellom “store” og “små” saker, men alle saker er potensielt like viktige for den enkelte innbyggjaren i kommunen. Sjølv om store prosjekt som møte med statsrådar og Øygardens posisjon som olje- og gasskommune får mykje omtale i media, handlar politikk samtidig om å ivareta enkeltmenneske.

Krevjande verv

Olav Martin fortel vidare om at ordførarposten er meir å rekna for å vera eit verv enn ein jobb.

– Ein må hugsja på at ein vert valt til ein periode på fire år, og vervet har ein på mange måtar 24 timar i døgnet. Arbeidsdagane vert ofte lange, og både familieliv og fritid vert prega av at eg er ordførar. Sjølv om det kan vera krevjande, er dette uansett eit val eg har gjort, og eg ser positivt på å bruka tida mi på noko som er veldig meningsfylt.

1991 var året då Olav Martin først kom inn i politikken i Øygar-



STOLT OVER Å VERA VIKAMANN: Olav Martin Vik er kry over å vera frå Vik og Øygarden.

den. Det skjedde meir eller mindre tilfeldig.

– Anders Vik utfordra meg til å stå på lista til KrF i 1991, og eg takka ja. Olav Martin kom inn

som varamann til kommunestyret i perioden 1991-95, og seinare som fast representant for TVØ frå og med 1995.

– At ulike personar ga meg til-

bakemeldingar på at eg eigna meg som politkar, var også med på peika ut kursen for meg. Generelt vil eg seia at det er viktig å ta andre sine oppmodningar på alvor, for når ein blir spurt om noko, er det fordi andre har vurdert det slik at ein kanskje er eigna.

– Når det gjeld mine år som ordførar og politkar i Øygarden, må eg også trekkja fram viktig støtte frå dyktige folk rundt meg, oppsummerer Olav Martin.

Mot siste valperiode?

Det er fortsatt usikkert kor lenge

TH. HELLESØY A/S
TLF. 5635 7140 - 5337 Rong
EUROSPAR

n å vera ordførar



Olav Martin ønskjer å halda fram som politikar, men mykje tydar på at komande valperiode 2011-15 vert hans siste.

– Eg har vore såpass mange år i politikken no at sluttstrek kanskje bør setjast innan overskueleg tid, og eg har signalisert at eg sannsynlegvis stiller til val for siste gong. Likevel er det ein del av meg som ønskjer å halda fram også utover neste valperiode, for eg føler meg ikkje ferdig med politikken i Øygarden! Det er så mange spennande prosjekt på gang, og det er så mykje meir å utretta. Men

det må det presiserast at det ikkje berre er meg dette kjem an på. Eg er avhengig av tillit for å kunna halda fram som ordførar og politikarar.

– Vik har godt rykte

Intervjuaren lurer på om ordføraren har gjort seg opp tankar om korleis bygda Vik vert sett på og vurdert av folk frå andre plassar i Øygarden. Er Vik “kjend” for nokon spesielle karaktertrekk?

– Eg trur ikkje Vik har fleire karaktertrekk og myter knytt til seg enn andre bygder. Vik har eit godt omdømme, og det har kome mange dyktige folk herifrå. Rett nok har eg fått slengt i meg at “kommunestyret like godt kan flytta inn på bedehuset på Vik”, men slike episodar er sjeldne, humrar Olav Martin.

– Eg er stolt av Vik. Heimplassen min der eg bur og vaks opp er særst viktig for meg, og menneska som bur her er hyggelege og engasjerte. Dei unge tek ansvar for ulike arrangement, og bygningar vert haldne ved like.

– Eg er også stolt over å vera frå Øygarden! Det er viktig å kunna vera stolt, for eg har merka meg at ikkje alle frå andre kommunar er like stolte over sin kommune.

Saknar engasjement

Engasjement er noko Olav Martin ønskjer seg endå meir av i sitt politiske virke.

– Eg er valt av folket, og då er det klart at eg også ønskjer meg tilbakemeldingar. Engasjement i saker er bra, og folk må ikkje nøla med å ta kontakt med meg. Slik kontakt blir det for lite av, men det betyr kanskje at folk i Øygarden stort sett har det bra, er Olav Martins analyse.

– Eg håpar på at folk set seg inn i kva dei ulike partia står for, og ikkje minst ser på kva parti som leverer det dei lovar.

Mindre nord/sør-konflikt

Øygarden har i fleire tiår vore prega av nord/sør-strid. Det vil seia at

det lenge har vore ein dragkamp om kvar i kommunen satsingar og investeringar bør skje.

– Eg håpar at dette har dempa seg. Om ein ser på vedtak som vert gjort i kommunestyret, er det vanskeleg å peika på noko nord/sør-strid. Likevel er det klart at nord/sør-debattane fortsatt er levande, og eg trur dette heng saman med at enkelte ikkje klarar å leggja bak seg slikt tankesett, vurderer Olav Martin.

– Kommunen er ikkje større enn at det burde vera mogleg å få til ein helskapeleg profil og tankegang over den politiske debatten.

Når Olav Martin vil kopla av frå verv og politikk, oppsøker han gjerne friluft og reising.

– Eg har båt, men eg får ofte ikkje sett ut båten før andre førebur å ta sin på land att.

Då er det lettare å ta seg ein treningstur i ei av skogsløypene saman med kona Gerd Lillian.

– I tillegg har eg stor glede og utbyte av å reisa på ferieturar. For å kopla heilt av, føler eg at eg må reisa vekk til ein annan stad.

Populær Vikaskarv

Historia til Vik har det siste året vorte grundig dokumentert gjennom Bygdeboka om Vik.

– Bygdeboka er eit flott eksempel på at historia og arven alltid vil vera med oss framover. Samtidig er Vik ei bygd i løpande utvikling. Dette samspelet mellom å ta vare på røtene, og evnen å sjå framover, trur eg er viktig for både bygd og menneske. Lokalavis “Vikaskarven” er eit flott innslag i så måte, og eg trur at folk kastar seg over bladet kvar gong det ligg i postkassen! “Vikaskarven” er utruleg bra, og er av høg kvalitet. Eg er stolt over å vera frå ei bygd som har eiga lokalavis, avsluttar Olav Martin.

Toftøy Nærmiljøutvalg
-arbeider for eit triveleg og godt
nærmiljø for alle på Toftøy



Familie- nytt



Gebursdag

104 år

Brynjulf D. Torsvik
fødd 10. august 1907

65 år

Arne Vik
fødd 26. juni 1946

60 år

Signe Taranger Vik
fødd 28. juni 1951

Odd Jarle Vik
fødd 3. juli 1951

55 år

Helga Berit Vik Barsnes
fødd 23. juli 1956

50 år

Berit Pauline G. Mintun
fødd 13. juli 1961

45 år

Nina Didriksen
fødd 3. juli 1966

40 år

Magnhild Vik Thomassen
fødd 16. august 1971

Sissel Ekrem Isager
fødd 23. juni 1971

35 år

Kjersti Solsvik
fødd 30. juni 1976

Daniela Vik
fødd 2. juli 1976

Lillian Vik
fødd 15. juni 1976

30 år

Marit Vik
fødd 28. juli 1981

Kaldt ver, men god stemning

Temperaturen på jonsokaftan fall under 10 grader, men feiringa av midtsommarnatta vart likevel veldig velukka.

Vikamannen møtte opp, og folk frå Misje i sør til Blomvåg i nord kom også for å oppleve jonsokaftan på Vik. Totalt var det rundt 200 menneske som deltok i feiringa den 23. juni.

Som tradisjonen har vore dei siste åra, vart det arrangert leikar, grilling og sal av brus, kaffi og kaker på dampekaien. Der storkoste folk seg, sjølv om boblejakke dessverre var påkrevd.

Klokka 20.00 trekte folk bort på Moloen. Då tente Johnny Dávøy bålet, slik han alltid gjer.

Vik er ein av dei få bygdene som framleis har ei skkkeleg feiring av jonsok. Dette fortener Vik Grendalag æra for. I andre bygder er tradisjonen med bålbrenning på midtsommarnatta i ferd med å gå tapt.

Omgrepet jonsok stammar frå tradisjonar i eldre tid der det vart feira at sola stod på sitt høgaste, og bålbrenninga er den mest kjende måten å feira denne dagen på.

St. Hansaftan (St. Hans 24 juni) er det kyrkjelege namnet på dagen, og er til minne om døyparen Johannes sin fødsel.



KOS RUNDT BÅLET: Rundt 150 menneske kom på moloen for sjå då bålet vart tent.



POTETLØP: Borna konkurrerte som vanleg i potetløp.



GRILLING PÅ KAIEN: Gunnar Solsvik er fornøyd med å grilla.



anning på jonsokaftan



Fødd

Anna-Elisabeth
fødd 4. april 2011
Foreldre er Birthe Vik og
Trond Rogne Øyre

Bryllaup

**Geir Atle Vik og
Marita Edvardsen**
gift i Blomvåg kyrkje
25. juni 2011

**Anne Halvorsen og
Harald Martin Turøy**
gift i Blomvåg kyrkje 2.
juli 2011

Dar kjem Dampen!



Tradisjonen tru la MS Midthordland til på kaien på Vik på Torgdagen 18. juni. Midthordland tok då same turen som den gjorde før i tida, frå Turøy, via Misje og Vik til Bergen. Om lag 30 menneske frå heile Øygarden møtte opp for å ta dampen.

Krabbefest 20. august

Også i år vert det arrangert krabbefest på Dampekaien i regi av Grendalaget. Det vert sett opp telt, slik at folk kan kosa seg uansett vêt. Påmelding til Thora Alice Vik seinast ei veke før laurdag 20. august. Telefon: 56 38 88 16. Ta med godt humør!

tent.



nogd.



TIPPA RETT:
Arne Magne Vik
kom nærast i
konkurransen om
å tippa kor tungt
fenaåret var.

**FAST PÅTEN-
NAR:** Johnny
Dåvøy tente som
vanleg jonsok-
bålet.



TORSVIK
ELEKTRISKE AS



Rettingar bygdeboka

SIDE 342: Mikkel Johan f. 1995.

SIDE 720: F. rekke t. h. er Marta (17) i lusekofte.

SIDE 724: Nr. 4 f. v. ved sidan av Norunn er Asbjørn (3)

SIDE 726: Nr. 2 f. v. er Wenche (17)

SIDE 730: Ved sidan av Mabel Toft er Marta (17) og Marie (29).

SIDE 732: T. v. heiter Torill.

Stien er klar

Stien over fjellet er no ferdig sett i stand. Den vert merka ein av dei første dagane. Me oppmodar folk å gå stien frå Syrtangen til søra le på Korbemarkja slik at den vert nedtrakka.

Vil ha tips

Redaksjonen i Vikaskarven tek gjerne i mot tips, historiar, sjølvlagte dikt, opplevingar og ulike bilete. Sei også frå om gebursdagar, giftarmål, fødsjar o.l. Sjå kontaklinformasjon under.

VikaSkarven
Adresse: 5337 Rong
Internettadresse:
vikaskarven.net

Epostadresse:
post@vikaskarven.net

Redaktør:
John Solsvik
I redaksjonen:
Norvald Vik
Øystein Vik
Bjarte Vik

Fire nummer per år.
Trykkeri: Bodoni AS

Returadresse: Vikaskarven
Norvald Vik
5337 Rong



FIN OPPLEVING: Friluftsgudstenesta i Pardalsmyra vart ei flott oppleving for dei knapt 30 som møtte opp.

30 møtte til flott gudsteneste i Pardalsmyra

Pardalsmyra midt på sommaren er ei flott kulisse for gudsteneste. Sokneprest Svenn Martinsen håpar på fleire friluftsgudstenester.

Søndag 3. juli var Martinsen prest for tredje gong under ei friluftsgudsteneste i Pardalsmyra. Knapt 30 personar møtte til det som er i ferd med å verta ein årleg tradisjon.

– Det er fantastisk å oppleva at folk kjem, og at me får ei kopling mellom skaparverket og evangeliet på denne måten, seier Martinsen.

Soknepresten håpar å få til fleire friluftsgudstenester i framtida. – Eg har eit ønske om fleire friluftsgudstenester. Spesielt viss me visste at folk ville prioritera det.

Det er to friluftsgudstenester i Øygarden i dag. I Pardalsmyra og på Kystmuseet.

Etter gudstenesta var grua tent, og dei som ville kunne grilla eller ta fram termosene.

Martinsen meiner friluftsgudstenester er noko folk har godt av i vår tid. Han hugsar også at det slo an for ein del år tilbake då han som ung prest hadde friluftsgudsteneste.

– Eg gløymer ikkje første gong eg hadde friluftsgudsteneste som ung prest i Møre og Romsdal. Då var det vanlegvis rundt 30 på gudsteneste, men så laga me til friluftsgudsteneste på eit høgt fjell, og det kom 150. Eg trur friluftsgudstenester møter eit behov i vår tid, seier soknepresten.

ALGRØY
Elektro as
Tlf. 56 33 62 40
algroyelektro.no
elfag
Når du trenger elektriker

Inderøy Taxi & Transport

Tlf. 905 99 059 – Toft, 5337 Rong
No og med minigravarutleige